



Velkommen onsdag 22. august - til eit nytt og annleis skuleår!

Vi opnar skulen og tek imot deg frå kl 10.00. Kom i god tid, gjerne tidleg på dagen, for å installere deg på internatet. Opninga av skuleåret er kl 17.00, første del er open både for foreldre/føresette, elevvar og tilsette. Etter ein liten time kan foreldre/føresette dra og vi andre fortsetter med å bli kjent.

Vi gler oss til å treffa deg

Vi er spente på kven du er, kva du har med av gleder, interesser og historier. Vi vil skapa *ein skule for livet* – ein skule der *du* står i sentrum. Vi vil at du får oppleva glede og læring, respekt og toleranse mellom medelevar og tilsette på skulen.

Linjer og valfag

Du har vald linje; vedlagt finn du eit eige brev frå linjelærar. Valfag vel du når du kjem, sjå vedlagt ark. Der finn du informasjon om innhald og pris.

Fellesskap og aktivitet

Aktiv livsstil og fellesskap står i fokus. Vi har mange aktivitetar der vi er fysisk aktive, i bevegelse og leik. Du må ha utstyr for trening, for tur i sol og regn, og gode tursko/terrengsko. Sjå utstyrliste.

På Voss Folkehøgskule får du prøve nye ting. Kom med eit opent sinn! Du vil bli utfordra på kva du liker og ikkje liker. Kanskje oppdagar du ein ny lidenskap? Det er berre fantasien som set grensar for kva du kan fylla året ditt med, så vi håpar du er klar for eit aktivt skuleår ☺

På Voss kan du laga dine eigne prosjekt, filmproduksjonar, konsertar, elevkveldar, bingo, volleyball, bada i Vangsvatnet, trening i treningsstudio, dans, LAN, rollespel, pysjamasparty, karaokekveldar... Fellesskapet er viktig; at alle deltek! Vær aktiv – så får du energi! Vær ein ven – så får du vener!

Beste helsing frå alle oss på Voss Folkehøgskule!

God sommar!



Viktig informasjon

Reiser – linjetur – pass - forsikringar

Gyldig pass og eigen reise- og helseforsikring MÅ du ha før studieturane!

Vi må ha **opplysningar om pårørande, 2 personar** vi kan kontakte ved sjukdom/uhell/ulykker. Vi har kollektiv ulykkesforsikring for elevane. Du må ha **eigen innbuforsikring** for dine ting.

Internat

Internata heiter Jomsborg, Oppigard og Midtgard. Vi har mest dobbeltrom, enkeltrom kostar ekstra. Fordeling av internatrom blir gjort i august. Fyll ut skjema og kryss av for ditt ynskje! Dei som av viktige grunnar ynskjer seg einerom vil bli prioritert. Kryss også av for om du røykjer/røykjer ikkje; vi vil ikkje leggja røykjarar og ikkje-røykarar på same rom.

Klesvask

Du ordnar med eigen klesvask på internatet. Du **må** merke kleda dine med namn. 100 ungdommar driv vaskeriet saman. Sjekk nettstader der du kan kjøpe lappar/stempel. Vi anbefaller klistrelapper.

Internett

Vi har trådløst internett i alle undervisningsrom og fellesrom. Elevromma har ikkje trådløst nett.

Mat – diett Våre måltider

Kvardagar:	frukost 0745/8.15	lunsj 1130	middag 1600	kveldsmat 2000
Laurdagar:	frukost 0900		middag 1400	kveldsmat 2000
Sundagar:	frukost 0900		middag 1600	kveldsmat 2000

Har du **matintoleranse**, eller treng **spesialdiett**, må du gje beskjed om dette på førehand. Send ein epost til kjøkkenleiar Osmine seinast ei veke før du kjem: osmine@voss.fhs.no

Lege - fastlege

Alle elevar bør ha fastlege på Voss. Du går inn på www.nav.no/minfastlege for å gjere bytte.

Kva skal du ta med deg?

Dette **MÅ** du ha med:

- Sengetøy: dyne, pute, laken, trekk
- Sengeteppe/pledd
- Håndklær, store og små
- Toalettsaker
- Treningstøy, treningssko og badetøy
- Regntøy og støvlar
- Gode tursko for terreng
- Sovepose
- Vaskemidlar til klær, helst flytande
- Klær og undertøy – for ute og inne
- Finklær(fin middag fyrste veka bl.a.)
- Innesko

Dette **BØR** du ha med:

- Sykkel med lås og hjelm!
5 min m sykkel til sentrum; 20 min å gå
- Undertøy i ull/ullblanding evt kunstfiber
- Ullsokkar
- Vindtett bukse
- Allværsjakke
- Tursekk
- Lue og vottar
- Musikkinstrument (viss du har)
- Solbriller og solkrem
- Tykk genser
- Termos/drikkeflaske

Økonomi – kostnader – betalingsplan

Innmeldingsavgift 2500kr (den har du alt betalt)

Grunnbeløp 87 000kr -dekker kost, losji og felleskostnader(undervisning, fellesturar, vaskemaskin, kopiering, leige av utstyr, gjeste forelesarar, skulegensar/jakke, dei fleste valfaga, festar etc).

Linjekostnader innklusiv studieturar, felles linjeutstyr og linjeaktivitetar. **Sjå bakside for info.**

Data, Film&Foto - 36 500kr

Ekstremsport - 46 500kr

Musikk - 21 500kr

Ekstremsport Luft - 63 000kr

Idrett & Friluftsliv - 31 500kr

Andre valfrie tillegg: enkeltrom(5500kr), heiskort(for elevar som ikkje har på linja), instrument undervisning, nokre valfag – blant anna ekstremsport, vindtunell og snøbrett og andre valfag som går ut over kostnadsramma. Vert fakturert på eigen faktura haust og vår.

Skulen brukar AvtaleGiro for å krevje inn grunnbeløpet – 87 000kr og 10 000kr av

linjekostnadane. AvtaleGiro er rasjonelt og velfungerande for elev og skule. Vårt betalingsforfall er lagt til den 12. i kvar måned. Dei fylgjer utbetalingane frå Lånekassen 12-15. i kvar måned og er mindre enn du får utbetalt frå Lånekassen. Beløpsgrense for avtalegiro er sett likt for alle og lik maksbeløp for enkeltrom(*) er 28 150. Trekket frå din konto er sjølv sagt berre på det du skal betala. **Send tilbake vedlagt AvtaleGiro-skjema til oss snarast! Gjerne saman med svarskjema.**

Søk om lån med ein gong! Gå til nettsida <http://www.lanekassen.no/> for søknad og info. Her finn du oversikt over Lånekassen sine utbetalingar for maks lån 2018; du ser dei også her:

	Betaling dobbeltram	Betaling enkeltram*	Du får frå Lånekassen
1	Betaling 15 august	Studietur/linje	21650 *
2	Betaling 15 september	25 400	8119
3	Betaling 15 oktober	7 700	8119
4	Betaling 15 november	7 700	8119
5	Betaling 15 desember	7 700	8119
6	Betaling 15 januar	17 700	21650
7	Betaling 15 februar	7 700	8119
8	Betaling 15 mars	7 700	8119
9	Betaling 15 april	7 700	8119
10	Betaling 15 mai	7 700	8119
	Totalt	97 000	108250

***NB!** Utbetaling frå lånekassen skjer først etter at skulen har bekrefta at du har møtt.

Linjekostnadane vert betalt slik:

10 000kr for alle linjer vert trekt pr mnd saman med grunnbeløpet. For å kunne følge utbetalingane til Lånekassen har vi valgt å ta inn største delen av linjekostnadane på egne fakturarar. Her er hovedkostanden for dei fleste linjene studieturen, og vi har derfor tidleg forfall då vi alt har bestilt og betalt depositum. Ekstremспортlinjene har fyrste forfall alt 10.juli – dette fordi ein del utstyr alt er kjøpt inn. Har du problem med å betale innan fristen tek du kontakt.

Data, Film-Foto: kr 26 500 - 15.aug

Idrett & Friluftsliv: kr 21 500 – 15 aug

Musikk: kr 11 500 – 15.aug

Ekstremспорт Luft: kr 10 000 – 10.juli, kr 23 000 – 15.aug og kr 20 000 – 15.januar

Ekstremспорт: kr 10 000 – 10.juli, kr 16 500 – 15.aug og kr 10 000 – 15.januar

Linjekostnad skal betalast til: 9581 05 00639, dette inngår ikkje i AvtaleGiro.

Husk å **merk innbetalinga med namnet ditt!** Sjå vedlagt faktura.

Dietter:

Glutenfri diett: kr. 400,- ekstra pr. måned.

Laktosefri diett: kr. 200,- ekstra pr. måned.

Vegitardiett: kr. 200,- ekstra pr. måned.

For andre krevende dietter kan det også påløpe ekstra kostnad. Egne avtaler gjøres.

Eigen rekning 2 ganger i året.

Eleven er sjølv ansvarleg for betalinga til Voss Folkehøgskule om ikkje anna er avtala.

Ved for sein betaling, vert det rekna rente med 0,8 % pr mnd.

Skulens bankkonto: 9581 05 00639, ved alle betalingar.

Dersom du ikkje kan eller ynskjer å følgje denne planen kan du ta kontakt med skulen for å drøfte saka.

NB! Dersom du seier frå deg plassen etter 1.august eller sluttar i skuleåret, *uansett årsak*, må du betala skulepengar 10 veker frå sluttdato/oppsigelsesdato.

Kortfatta skulerute haust – vår 2018-19

Skulestart onsdag 22.aug. Innflytting frå kl 10-17. Åpning av skuleåret kl 17.

Haustferie frå fredag 5.okt kl 14.15 (skulen stenger kl 17) til og med tirsdag 16.okt (skulen åpner kl 17)
Skulestart onsdag 17.okt kl 8.30

Haustfest med foreldre og vener lørdag 20.okt.

Langhelg etter undervisning kl 14.15 torsdag 22.nov til mandag 26.nov kl 8.30 (Skulen er åpen)

Juleferie frå søndag 16.des kl 12 (skulen stenger mandag 17.des kl 12) til og med torsdag 3.jan (skulen åpner kl 17) Skulestart fredag 4.jan kl 8.30

Langhelg etter undervisning kl 14.15 torsdag 31.jan til mandag 4.feb kl 8.30 (Skulen er åpen)

Vinterferie frå fredag 1.mars kl 14.15. (skulen stenger kl 17) til og med mandag 11.mars (skulen åpner kl 17). Skulestart tirsdag 12.mars kl 8.30

Påskeferie frå torsdag 11.april kl 14.15 (skulen stenger kl 17) til og med tirsdag 23.april (skulen åpner kl 17). Skulestart onsdag 24.april kl 8.30

Avslutningsfest med gjester lørdag 11.mai - ferdig ca kl 21. Avreise søndag 12.mai. Skulen stenger søn 12.mai kl 12.

Alle folkehøgskular har like mange skuledagar som grunn- og vidaregåande skule. Men sidan vi har skule også på ein del lørdagar sluttar vi i mai og ikkje i juni.

NB! **atterhald om endringar**
Skulen er stengt i alle feriar (haust- jul- vinter- og påskeferie)

Det er lurt å tinga billetter til tog, buss og fly så tidleg som mogeleg, då vert det billigare!

Skulebevis og identitetskort

Skulebevis: gjer moderasjon på reiser for studentar og vert ordna på skulen når du er komen hit.

Identitetskort: Du må i tillegg ha godkjent legitimasjon t.d. bankkort/pass/førarkort.

Ordensreglement – du finn heile ordensreglementet på nettsida vår

Folkehøgskulen er eit «fritt» skuleslag. Vi har ikkje prøvar, eksamen og pensum. Vi gir ikkje karakterar. Målet vårt er å byggje karakter. Vi har den største pedagogiske fridomen i verda, der vi set den menneskelege utviklinga i fokus. Læringa på ein folkehøgskule skjer i ei blanding av ekskursjonar, studieturar, eit mangfald av læringsarenaer og sosiale aktivitetar i og utanom skulen. Internatet er ei berebjelke på folkehøgskulane. Du kjem tett på dei andre elevane og oss vaksne. Dette er eit gjensidig forpliktande fellesskap. Eit år på ein internatskule er difor eit annleis skuleår. Det seier seg sjølv at når 100 ungdomar bur saman, så må vi ha reglar. Ingen kan eller vil bu på ein slik skule utan reglar. Reglane er til for deg og dine medelevar, slik at alle får eit godt utbytte av skuleåret. Det er ikkje problematisk å halde reglane, men du må kjenne til og forstå dei.

Vi vil ha ein open og inkluderande skule, ein skule for alle, kor alle har ein plass. For vi veit at folkehøgskulen verkar – men berre om du deltek. Då får du oppleve mykje, læra mykje – og få gode vener. I folkehøgskulene er det oppmøteplikt; du må møte til alle timar, arrangement og turar.

Ein skule for alle er ein rusfri skule, heilt utan alkohol og andre rusmidlar. Dette omfattar både bruk og oppbevaring, og sjølvsagt påverknad. På kveldar utan skule dagen etter kan du gå på Vangen (sentrum) og nyta eit glas, om du går rett å legger deg på eige rom når du kjem heim utan å sjenera andre.

Vi reagerar på brudd på ordensreglementet. Brukar du alkohol vil du bli bortvist ein periode, og utvist hvis det gjentek seg. Brukar du narkotika må du regne med å bli utvist og miste skuleplassen. Grensa vår for fråver går ved 5% av dei timane som er avhalde, og får du for høgt fråver kan skuleplassen vera i fare.

Brudd på reglementet blir tatt opp i Disiplinærutvalet. Blir du utvist for resten av skuleåret, eller du sluttar frivillig, må du betale skulepengar i 10 veker frå sluttdato/heimreisedato. Då mister du dei to konkurransepoenga og stipendet frå Lånekassen. Vedtak i Disiplinærutvalet kan ankes til styret innan tre veker.

Røyking er tilletet men kun på tilvist stad, E-sigaretter er ikkje tillete på skuleområdet.

Du må settje deg inni skulen sitt ordensreglement; det er viktig. Hovudsaken er at du er *med*, og deltek, at du er rusfri, og at du betalar skulepengene i rett tid. Og at du snakkar med oss viss det er noko. Det meste kan løysast gjennom samarbeid og god kommunikasjon. Vi vil at du skal få eit topp år på Voss!

Du må skriva under på at du kjenner desse reglane, og vil samarbeida på desse premissane. Sjå svarskjema.

Svarskjema – dette må du sende tilbake til oss snarast!

Internat – matallergiar/-intoleransar – andre opplysningar

Ynskje om rom på internatet: **Sett X** framfor ynskje ditt (totalprisane finner du over)

Vi prøver å imøtekomma ditt ynskje om rom så langt vi kan, men vi kan ikkje lova at du får det. Har du spesielle grunnar for ynskje om einerom kan du skriva det under.

- Dobbelrom
- Enkeltrum **tillegg kr 5 500** for heile skuleåret, betalast i september
- Røykjer ikkje
- Røykjer
- Eg har matallergi – og sender epost til Osmine om dette: osmine@voss.fhs.no

Parkering - privatbil

Eg ynskjer parkering haust **tillegg kr 500** Eg ynskjer parkering vår **tillegg kr 500**

Utfordringar

Vårt ønske er at alle elever skal få eit fullverdig år hos oss, erfaring viser at det får vi best til ved åpenhet og dialog i forkant av skulestart. Dersom du har eller har hatt fysiske eller psykiske utfordringar, adferdsproblem, rusproblem og/eller høgt fråvær er du forplikta til å informere oss om dette og evt ettersende dokumentasjon.

Har du opplysningar som du bør informera skulen om? JA NEI (sett kryss)

Skriv her og/eller send oss ein utfyllande epost!

.....
.....

Reglement / trivselsreglar (sjå heile reglementet på vår nettside)

- **Alkohol er forbode på skulen: å vera påverka, å bruka, å oppbevare**
- **Narkotika er forbode så lenge du er elev ved skulen, også utafor skulen sitt område**
- **Frammøteplikt: all undervisning er obligatorisk, også fellesaktivitetar, øvingar og turar**
- Du må fylgja skulen sine rammer når du er elev.
- Dersom du sluttar i skuleåret uansett årsak, må du betala skulepengar for 10 veker ekstra.
- Eg underteiknar på at eg er kjent med skulen sitt reglement (sjå våre heimesider), og eg vil samarbeida på desse premissane.
- Eg samtykker i at skulen kan ta medisinsk prøve ved mistanke om bruk av narkotika, og eg samtykker i at rektor får vita resultatet av ein medisinsk prøve.

Din underskrift

Underskrift føresette (når du er under 18 år):

Pårørende 1 mob.....
(namn, full adresse, tlf - må fylles ut!)

Pårørende 2mob.....
(namn, full adresse, tlf - må fylles ut!)

Elevens namn: Linje

Adresse:

Epost Telefon

Reiseforsikring (selskap) Polisnr

Returner svarskjema - fullstendig utfylt – saman med AvtaleGiro snarast!

Send til Voss Folkehøgskule, Eskelandsvegen 28, 5704 Voss
eller scan og send som pdf til post@voss.fhs.no

Huskeliste:

1. Ynskje om rom
2. Røykjer / røykjer ikkje
3. Matallergiar
4. Informasjon vi bør vite om
5. Skriv under på skulen sine reglar
6. Gylding pass
7. Reiseforsikring
8. Pårørende 1 og 2
9. Sjekk kva du treng av utstyr

Kjære musikkelev!

Gratulerer med valet og plassen ved Voss folkehøgskule for skuleåret 2018-2019!

I dette brevet får du litt praktisk informasjon slik at du på ein best mogleg måte kan førebu deg til året og opplevingane som kjem!

Året på Voss varer i ni månader, frå slutten av august til midten av mai. Linjefag utgjer dei fleste timane, vi har i tillegg valfag og fellesfag, linjeveker, prosjekt og reiser. På folkehøgskule får du lære mykje meir enn fag. Du skal lære å arbeide og leve saman med andre. Det faglege og det sosiale går hand i hand med menneskeleg utvikling. Du lærer deg sjølv å kjenne i møte med andre. Her er det ikkje karakterar – men din karakter som tel. Dei fleste som har gått på folkehøgskule seier at det var eit av dei beste åra dei har hatt. Det håpar me du og kan sei om eit år!

Folkehøgskuleåret er noko litt utanom det vanlege. Mykje av innhaldet kan du sjølv vera med på å forme. Me kjem til å lære mykje saman- i samspel, samklang og i fellesskap. Difor er ikkje dei praktiske ferdighetane dine det viktigaste, men at du kjem med eit ope sinn, ei positiv og inkluderande haldning og er klar til å jobba med musikk på ulike måtar. Slik vil det liggje til rette for å skapa musikkglede!

Musikklinja reiser på utlandstur til Dei britiske øyer i april 2019. –Ein tur for gode musikalske, sosiale og kulturelle opplevingar. Dette kjem til å bli ein tur du vil hugse, der du sjølv er med på å forme innhaldet. Det er viktig at du tek med deg gyldig pass, <https://www.politiet.no/tjenester/pass/ut-a-reise/>.

Musikklinja legg vekt på samspel – musikkglede i fellesskap. Likevel kan dei som ynskjer det, så langt det er praktisk mogleg, få individuelle speletimar på instrumentet sitt. Dette er eit frivillig tilbod og vert då betalt av dykk. Påmelding for eitt semester om gongen. Ta kontakt om dette er noko du ynskjer.

Me tek gjerne ein hyttetur i løpet av skuleåret til den koselege stølen som skulen disponerer, evt. anna destinasjon. Det er difor fint om du tek med deg sovepose, liggeunderlag og litt varme klede. Fysisk aktivitet og leik er også del av linja sin timeplan, så ta med deg litt treningsklede og joggesko.

Mykje av arbeidet i studio og MacLab`en vil avhenge av å ha eit par gode hodetelefonar. Me har nokre på linja, men det kan vera kjekt å ha sine egne.



Her er ei lita hugseliste med ting det er fint om du tek med deg, viss du har:

- ✓ Instrument (+ evt. forsterkar osv.)
- ✓ Bærbar PC
- ✓ Gode hodetelefonar
- ✓ Skrivesaker og notatblokk
- ✓ Gyldig pass
- ✓ Sovepose, liggeunderlag og varme klede
- ✓ Turklede og sko
- ✓ Treningsklede, joggesko, og innesko



Har du spørsmål eller lurer på noko, må du ikkje nøle med å ta kontakt, enten på e-post post@voss.fhs.no eller ringe på tlf. 56529040.

Med ynskje om ein god sumar! Hjarteleg velkomen til hausten!

Venleg helsing

Musikklinja, ved lærar Astrid Johansen Rennemo og stipendiat Birk Aufles

Valgfag 2018-19



Valgfag er ein viktig del av det faglige tilbudet på skolen. Vi har mange ulike og spanande valgfag over eit vidt faglig spekter. Du vel fritt uavhengig av linja du går på. Valgfag gir variasjon, fordjupning og venskap på tvers av linjene.

Alle valfaga vi skal tilby skuleåret 2018-19 er ikkje klare, men her vil du få litt info om dei vi veit vi skal ha i haust og vinter, i tillegg litt om retninga på dei andre.

Vi har valfag heile fredagen. Nokre går heile dagen, nokre før lunsj og nokre etter lunsj. Du vel eit sett for kvart semester. I tillegg blir det kortare valfag på kvelden, som krydder gjennom året.

Ekstremспортbygda Voss Try it. Faget gir ein smakebit av det Voss har å tilby av forskjellige ekstremsportar. Her får du utfordra seg sjølv, og flytta nokre grenser. Vi håper faget kan gje inspirasjon til å ville fortsetje med ein eller fleire sportar. Faget passar for alle, og har trygge rammar med høgt fokus på sikkerheit. Faget vil koste litt ekstra.

Frikøyring offpiste. Faget lærer deg å køyre ski/brett utanfor preparerte løyper. Du vil lære ulike teknikkar for skikøyring i relativt bratt lende, bruk av skredutstyr, skikøyring på ulike typar føre i alt frå puddersnø til hard skare. Faget passar for relativt erfarne skikjøyrar.

Naturkjennskap. Faget er for deg som liker å være ute og har lyst til å lære mer om naturen. Haust av naturen sine ressurser, fiske, leirdueskyting, partering av vilt, smalahovesviing og tilbereding, tresorter, bål, pil og bueskyting og treskjæring. Du må ha sykkel for å delta.

Action and Art photo. Faget gir deg innføring i fotofaget. Du lærer å ta gode bilde innenfor ulike sjangre som action, kunst, portrett og landskap. Bli en allsidig og god fotograf og ta bilde som blir minner for livet.

Massasje. Lær sportsmassasje av rygg, nakke og skuldre. Her både gir og får man massasje – et sunt og deilig avbrekk frå ukas lange slitasje av kroppen.

Buldring. Lær om buldring. Trene klatreferdigheter og kontroll av kroppen. Oppleve mesitring og klatreglede.

Alpint. I faget får du oppleve skiglede og fellesskap i Voss Resort. Du får prøve deg i ulike disipliner i skibakken som; skiteknikk, portkjøring, løssnøkjøring, park og kulekjøringar. Alle nivå kan delta.

I tillegg vil vi på fredagene tilby fag innan **musikk, film og data og vi vil tilby sløyd, vindtunell, historie, film, stup og trening** – men her er ikkje innhaldet heilt klart. Du vil få valfaga presentert når du kjem.

På kveld vil vi tilby kortare valfag. Her kan du lære noko nytt og krydre kvardagen. Her er nokre eksempel: Ukulele/gitar, tur, volleyball, brettspel, yoga, måneskinnstur, speeddating, jogging, redesign, bokklubb, dyr, sjakk og ernæring med meir.

Vi håpar du gler deg 😊 Valfaga våre får kvart år veldig gode tilbakemeldingar frå elevane.

Voss Folkehøgskule
Eskelandsvegen
5704 Voss

Voss.fhs.no
post@voss.fhs.no
Kundetelefon: 56529040

Faktura
Linjekostnad

Musikk

Linjekostnader inklusiv studietur, sjå
ark om økonomi for detaljer

Husk betalingsfrist 15.august

Husk å merke med
elevens navn og linje

Betalingsfrist 15.08.2018

Voss Folkehøgskule
Eskelandsvegen 28
5704 Voss

Kr 11 500

Kontonr: 9581 05 00639

